

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-614, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/22	Eldreråd	30.05.2022
029/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
021/22	Ungdomsråd	30.05.2022
042/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	31.05.2022
	Alver kommunestyre	

Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg, anlegg og lokale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre legg til grunn at følgjebevis skal akseptrast ved arrangement som finn stad i kommunale bygg, anlegg og lokale.

Eldreråd 30.05.2022:

Handsaming:

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka.

De vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

ER- 024/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2022:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 029/22 Vedtak:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 30.05.2022:

Handsaming:

UR- 021/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.05.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 042/22 Vedtak:

Innstilling frå OKK - 31.05.2022:

Alver kommunestyre legg til grunn at følgjebevis skal akseptast ved arrangement som finn stad i kommunale bygg, anlegg og lokale.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Utleigereglementet for Alver kommune omtalar ikkje vilkår om aksept av følgjebevis for arrangement som finn stad i kommunale bygg, anlegg og lokale.

Kommunale tilskotsordningar til arrangement har vilkår om at tilskotsmottakar skal akseptere følgjebevis.

Det har komme fram behov for å samstille desse, og i tilfelle fastsetje praksis i påvente av ei eventuell rullering og evaluering av Alver kommunes utleigereglement.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren vurderer at vilkåra om aksept av følgjebevis bør vere like i retningslinene for tilskot til arrangement og i utleigereglementet, slik at ein sikrar at intensjonen om å legge til rette for følgjebevis får breiare formell verknad.

Gjeldande utleigereglement vart utarbeidd som del av bygginga av Alver kommune, og er bygd på praksis og erfaringar frå dei tre tidlegare kommunane. Reglementet tek høgde for store lokale variasjonar og ulik tidlegare praksis. I det førebuande arbeidet i 2019 var det i arbeidsgruppa ei erkjening av at ein burde vurdere ei evaluering av reglementet etter nokre års drift av den nye kommunen, for å sjå om det var behov for justeringar.

Grunna påverknaden av pandemien vil denne generelle og eventuelle evalueringa måtte vente, slik at ein får erfart regulært utlån og utleige over tid, særleg for enkeltståande arrangement.

Kommunedirektøren rår til at ein legg til grunn prinsipp om aksept av følgjebevis for arrangement i kommunale bygg, anlegg og lokale, som kan vere styrande fram til ei generell evaluering av utleigereglementet.

Saka vert ikkje vurdert til å ha økonomiske konsekvensar for kommunen.